



Norsk Landbruksrådgjeving

Dato: 14.10.2015  
Vår ref.: 2014/20763-26  
Saksbehandlar: karnybo  
Dykkar ref.:

## Støtteerklæring til Norsk Landbruksrådgjeving sin søknad «Overskuddsmassar – problem eller ressurs ?»

Hordaland fylkeskommune vil støtte søknaden «Overskuddsmassar – problem eller ressurs ?» frå Norsk Landbruksrådgjeving. Handtering av overkostsmassar er eit viktig tema både for planarbeidet som fylkeskommunen medverkar til, utvikling av landbruk i fylket og i høve til klimagass-problematikk.

I Klimaplan for Hordaland 2014-2030 er «Klimavenleg utbyggingsmønster» ein strategi med egne retningslinjer for planlegging. Retningsline nr 5 lyder: «Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast muleg utslepp av klimagassar.» I klimaplanens handlingsprogram følgjer tiltak 5.12 «Jordvern ved utbyggingar» opp dette temaet.

Prosjektet til Norsk Landbruksrådgjeving inngår som ein del av tiltak 5.12, og er vesentleg for at ein skal kome vidare i arbeidet med forsvarleg og utviklingsorientert handtering av massar i Hordaland. Det er større innslag av organisk jord i Hordaland og ein del andre fylke enn elles i landet og det er difor ønskjeleg å få gjort den utgreiinga Norsk Landbruksrådgjeving søker Landbruksdirektoratet om delfinansiering til. For å redusere klimagassutslepp når utbyggingsjord skal bli nytta, treng vi altså ein rettleiar for gjennomføring. Dette gjeld både generelt, og når massane blir brukt for å utvikle jordbruksareal.

Hordaland fylkeskommune har alt løyvd kr 100.000 til prosjektet. Vi noterer oss interessa og tilsegner om delfinansiering frå mange partar og er difor innstilte på å gå inn med ytterlegare kr 50.000,- for å medverke til å få prosjektet i gang. Det vil likevel vere avgjerande for gjennomføringa av prosjektet at Landbruksdirektoratet også går inn med delfinansiering.

Gudrun Mathisen  
Seksjonsleiar

Karen Louise Nybø  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*